



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/3201 - 17/33149

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.12.2017

Utsleppsløyve for bustad - gbnr 100/3 Fjellsende

Administrativt vedtak: Saknr: 544/17

Byggestad: Gbnr 100/3
Tiltakshavar: Signe Lilly Holmås
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-3

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om utsleppsløyve for bustad på gbnr 100/3 Fjellsende. Eigedommen har i dag eit eldre avlaupsanlegg med slamavskiljar og utslepp til terreng. Anlegget er ikkje i tilfredsstillande stand og reinsegrada er heller ikkje i samsvar med utsleppskrava i dag.

I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i biologisk/kjemisk minireinseanlegg av typen Klargester Biodisc med etterpolering, før utsleppet vert ført vidare til bekk som går til Austrevatnet. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad 26.10.2017, supplert 20.11.2017.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med omsynssone landbruk.

Tiltaket gjeld utskifting og oppgradering av eksisterande avlaupsanlegg. Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med arealføremålet og ikkje krev dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



Uttale frå anna styresmakt

Søknaden har vore send på høyring til Eining for Teknisk drift. Det ligg ikkje føre uttale.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart datert 27.09.2017.

Reinseløysing

Utsleppet skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargestor Biodisc minireiseanlegg. Anlegget er godkjend etter NS-EN 12566-3. Anlegget stettar reinsekrava for utsleppsstad i følsamt og normalt område med brukarinteresser, jf. forureiningsforskrifta § 12-8.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale om drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskriften § 12-13 2.ledd.

Det er lagt ved serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget i søknaden.

Privatrettslege tilhøve

Avløpsanlegg og utsleppsleidning er plassert på eigen eigedom.

Eigar har gitt tiltakshavar fullmakt til å søkja om nytt reinseanlegg på eigedomen.

VURDERING

Avlaupsanlegget skal etablerast i nedslagsfeltet til Austrevatnet som skal nyttast til framtidig kjelde til drikkevassforsyning/industrivatn. Det ligg ikkje føre klausuleringsføresegner for området per i dag. Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Etablering av nytt avlaupsanlegg vil gje ei oppgradert avlaupsløysing i samsvar med gjeldande krav og brukarinteresser i området. Kommunen finn etter ei samla vurdering at søknaden kan godkjennast på vilkår av at utsleppet frå reinseanlegget vert ført til etterpoleringsanlegg før det vert ført vidare i tett leidning til bekk med heilårs vassføring, jf kart datert 27.09.2017. På grunn av interessene knytt til industrivatn/drikkevatt skal det leggjast til rette for ekstra reinsetrinn med UV-desinfeksjon.

Naturmangfaldlova

Kommunen har vurdert prinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldslova. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen finn at tiltaket ikkje vil koma i konflikt med naturmangfaldslova.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen si vurdering godkjennast i samsvar med kart mottatt 27.09.2017.

Godkjenning etter andre lovverk

Søknad om løyve til etablering av avløpsanlegg etter plan- og bygningslova mottatt 26.10.2017, vert handsama i eige vedtak.

VEDTAK

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for bustad på gbnr 100/3 på følgjande vilkår:

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i biologisk/kjemisk reinseanlegg av typen Klargestar Biodisc med anlegg for etterpolering, før det reinsa utsleppet vert ført i tett leidning til bekk med heilårs vassføring.
2. Det skal leggest til rette for montering av ekstra reinsetrinn med UV-desinfeksjon.
3. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 5 pe.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
6. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheva eller endra vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnummer.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Astrid Ingjerd Holmås
Kari Anna Holmås
Signe Lilly Holmås

Majorstuveien 15 A 0367
Steinhausgane 31 5541
Vabøvegen 40 5955

OSLO
KOLNES
LINDÅS

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS